

# HØRINGSSVAR FRA BOKMÅLSFORBUNDET

## FORSLAG TIL RETTSKRIVNINGSENDRINGER I BOKMÅL OG NYNORSK 2026

**Bokmålsforbundet har følgende kommentarer til forslaget:**

3 Forslag som gjelder nynorsk og bokmål

3.1. Endring av genusnormering for enkelte substantiver

Bokmålsforbundet er enig til de foreslåtte endringer.

### **3.2 Normering av substantivet tuppel og ord på uppel.**

Bokmålsforbundet er ikke enig i dette forslag

Flertallsformen tupla går ut i bokmål jfr. bruksprinsippet. Likeledes må kvadrupel med en p fremdeles være eneform i bokmål. Man kan ikke bruke muntlig uttale som argument til å overprøve den vel innarbeidede skriftlige form. Jf. Bruksprinsippet.

### **3.3 Normering av ord med kort vokal: Bag(g), gag(g), handicap(p), Etc.**

Bokmålsforbundet er imot de foreslåtte endringer. Vi mener at det bør være som i dag med valgfritt enkel eller dobbel konsonant. Men det bør være konsekvent.

Det er ikke noe argument at man tidligere har gjort lignende endringer. At bruksdata viser at enkelte former er mer frekvent enn enkel konsonant, er heller ikke noe argument for å forby den mindre brukte form når den har en rimelig utbredelse jfr. Bruksprinsippet.

Når det gjelder forholdet mellom moderate og radikale former vokter Språkrådet seg vel for å bruke argumentet om mer frekvent bruk. Det ville i så tilfelle bety at et hundretalls radikale former måtte forbys, noe Språkrådet hittil har gått kraftig imot.

Det har nærmest vært en besettelse for Språkrådet å ta såkalte norvagiserte former inn i rettskrivningen. All tilgjengelig dokumentasjon

viser at dette har vært en fiasko. De norvagiserte former som ble innført for tredve år siden, har alle med noen ganske få unntagelser, en bruksfrekvens på null og like i nærheten.

Bokmålsforbundet reagerer kraftig på at Språkrådet bruker vikarierende argumenter for å ta inn såkalte norvagiserte former, samt verne om radikale former som har vært ordlistefyll i årevis.

### **3.4 Normering av stedsnavnet Tyrol/Tirol og tilhørende ord.**

Bokmålsforbundet er enig i de foreslåtte endringer, jfr. Endonymprinsippet, det at utenlandske stedsnavn skal skrives slik de blir skrevet lokalt. Derfor mener Bokmålsforbundet at Schweiz og Mocambique også bør skrives slik landene selv gjør.

### **3.5 Normering av underfrå og -fra.**

Bokmålsforbundet er enig i dette forslag.

### **3.6 Normering av substantivet ticks/tiks og vebet ticke/tikse.**

Bokmålsforbundet mener at ordningen bør være som i dag hvor kun ticks er tillatt, men at flertallsformen ticsa går ut jfr. Bruksprinsippet.

## **5 Forslag som bare gjelder bokmål**

### **5.1 Normering av forleddene vann/vass- og av gjørrblaut/-bløt.**

Både dagens regler, og de nye foreslåtte regler, er så kompliserte at det finnes knapt en eneste språkbruker som behersker dem. Det eneste fornuftige vil være å innføre enkel valgfrihet mellom vann- og vass- i alle sammenstillinger jfr. Enkelhetsprinsippet.

Bergen den 6.04.2026

Bokmålsforbundet

Arve Waage, viseformann

Språkrådet [post@sprakradet.no](mailto:post@sprakradet.no)

Oslo, 9. mars 2026

## Høringsuttalelse om foreslåtte rettskrivningsendringer

Generelt vil vi uttrykke tilfredshet med de fleste endringsforslagene. Vi konsentrerer oss i det følgende om bokmålsforslagene. De er godt begrunnet og vil føre til at bokmålsnormen gjenspeiler faktisk språkbruk, og at man unngår en unødig stor mengde variantformer.

Vi har likevel et par innvendinger.

### Punkt 3.4.

Vi vil protestere mot forslaget om omnormering av stedsnavnet **Tyrol** med tilhørende avledninger og sammensetninger. Formen **Tirol** blir anbefalt av Språkrådet som staveform av navnet på det østerrikske forbundslandet, som altså er egen østerriksk administrativ enhet. I det følgende vil vi uttale oss om normeringen av områdenavnet, som spiller en annen rolle i norsk språk. Om navnene på forbundslandet og området staves ulikt, blir skillet mellom dem desto tydeligere. (En parallell er at man om det tyske forbundslandet bruker det tyske navnet **Rheinland-Pfalz**, mens man i norsk bruker navnet **Rhindalen** om et område.) Staveformen **Tyrol** er alminnelig brukt som navn på det området som dels tilhører Østerrike, dels Italia. Navnet har vært utgangspunkt for flere norske avledninger og sammensetninger, også disse vanligvis stavet med **y**. Noen av sammensetningene, som **tyrolerhatt** og **tyrolerhus**, er leksikaliserte. I ortografisk normering bør hensynet til norsk skriftspråkstradisjon veie tyngre enn tanker om endonymisk gjengivelse av utenlandske stedsnavn. Forslaget om endring av stedsnavnet til **Tirol** og innføring av valgfrie former med **i** begrunnes med et

endonymiprinsipp. Dette er imidlertid langt fra så dominerende som det hevdes i høringsnotatet. En rekke navn på områder, elver, daler, fjellkjeder m.m. brukes i norsk form. Eksempler er elvenavn som **Themsen**, **Seinen**, navn på fjellkjeder som **Alpene** og områdenavn som **Catalonia**. Forslaget om endret stavemåte fra **Tyrol** til **Tirol** om området, og om innføring av valgfrie former med **i** i avledninger og sammensetninger, bryter med norsk skriftspråkstradisjon, og i tillegg med Språkrådets egne **bruksprinsipp** og **enkelthetsprinsipp**. Vi vil derfor anbefale at man beholder stavemåtene **Tyrol**, **tyroler**, **tyrolerhatt** osv. som eneformer.

### **Punkt 3.5.**

Forslag om normering til **underfra** (bokmål). Det er fint at formen **underfra** blir normert. Imidlertid er **undenfra/unnafra** en annen orddannelse, som ikke bør overses. Første ledd i **undenfra** er **unden** (dansk form), mens første ledd i **unnafra** er den tilsvarende arveformen i norsk, **unna** (av norrønt *undan*). Første ledd i **underfra** er derimot **under** (av norrønt *undir*). Sammensetningene **undenfra/unnafra** og **underfra** bør derfor regnes som forskjellige ord i normen, ikke som ortografiske varianter av samme ord. (Et lignende forhold finner vi ved **ovenfor/ovafor** og **overfor**, som ikke er synonyme, og som derfor uten videre blir behandlet som to forskjellige leksemer.) Vi foreslår altså at man i bokmålsnormen opererer med to sammensetninger: **undenfra/unnafra** og **underfra**.

Vennlig hilsen

**Det Norske Akademi for Språk og Litteratur og Det Norske Akademis ordbok (NAOB)**

Hanne Lauvstad

leder av Akademiets Ordboks- og normeringskomité og hovedredaktør for NAOB

Språkrådet  
Postboks 8107 Dep  
0032 OSLO

Deres ref.:  
Vår ref.: 26/2524-2  
Saksbehandler: Ole Kristian Våge  
Dato: 27.03.2026

## Framlegg til rettskrivingsendringar i nynorsk og bokmål 2026 – høyring frå Språkrådet

Helsedirektoratet takkar for å høve til å gje høyringsfråsegn til nye rettskrivingsreglar.

Helsedirektoratet forvaltar fleire helsefaglege terminologiar og klassifikasjonar og er forplikta til å følgje offisiell rettskriving i desse.

Fire av substantiva i høyringsbrevet er i bruk i dei helsefaglege terminologiane og klassifikasjonane: *prolaps*, *stress*, *struma* og *tics/tiks*.

1

Vi støtter endringa for *prolaps* til å tillate inkjekjønnsforma. Det vil gjere oss i stand til å nytte ei form som i større grad er i samsvar med fagspråket blant helsepersonell.

2

Vi har ingen innvendingar mot å fjerne hankjønnsstillinga for *stress*. Vi nyttar inkjekjønn.

3

Vi støtter endringa for *struma* til å tillate inkjekjønnsforma. Bruken av hankjønnsforma i helsefaglege terminologiar og klassifikasjonar har vore ei hindring for eit attkjenneleg fagspråk.

4

Helsedirektoratet helsar normeringa av *tics/tiks* velkomen. Ho er i tråd med vår skrivemåte av ordet.

I det heile set Helsedirektoratet pris på normering og genustilordning av substantiv som er i tråd med fagspråkleg bruk.

Vennlig hilsen

Kjersti Drøsdal Vikøren e.f.

**Helsedirektoratet**

Avdeling for informasjonsstyring

Ole Kristian Våge

Postboks , • Besøksadresse: • Tlf.: (+47) 47 47 20 20

Org.nr.: 983 544 622 • postmottak@helsedir.no • www.helsedirektoratet.no

seniorrådgiver

Ole Kristian Våge  
seniorrådgiver

*Dokumentet er godkjent elektronisk*

Fra: Truls Johannessen <truls.johannessen@icloud.com>  
Sendt: 26.01.2026 15:03:12  
Til: Post Språkrådet <post@sprakradet.no>  
Emne: Tirol/Tyrol

Dette we Er enkelt. Tyrol samsvarer med Brüssel og reflexes om at  
Sendt fra min iPadnoram skal bruke den vRiantsn som bikes i nær beslektet  
sprak, som svensk i Finland og flamsk I Belgia

Språkrådet  
Postboks 1573 Vika  
0118 OSLO

Deres ref.

Vår ref.  
26/531 - HAA

Dato  
27.03.2026

### **Høring - fremleggelse av endringer i rettskriving for nynorsk og bokmål**

Justis- og beredskapsdepartementet viser til Språkrådets e-post 26. januar 2026.

Vi har ingen merknader.

Med hilsen

Harald Aass e.f.  
fagdirektør

Elin M Elverhøy  
departementsrådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur*

April 2026

Landslaget for språklig samling

## Kommentarar til høyringsnotat frå Språkrådet om framlegg til rettskrivingsendringar i nynorsk og bokmål 2026

Landslaget for språklig samling (LSS) har mottatt Språkrådets høyringsnotat "Framlegg til rettskrivingsendringar i nynorsk og bokmål 2026". Vi har kommentarar, som vi skal gjennomgå punktvis i dette dokumentet. Punkta har titlar som viser til dei same titlane i høyringsnotatet.

Ein overordna kommentar er at LSS er godt nøgd med at nynorsk og bokmål blir handsama på same vis i høyringsnotatet og med mest mogleg parallelle endringar. Som Språkrådet vil vere kjent med oppfattar LSS nynorsk og bokmål som to skriftnormer som begge er avbendingar av det eigentlege norske språket – det munnlege. Det munnlege språket utviklar seg kontinuerleg, og utviklinga har i fleire generasjonar gått i retning av eit talespråk som blir stadig meir homogent på landsbasis. Denne munnlege utviklinga driv òg utviklinga av skriftspråka. Det er gledeleg at normeringsframlegga i høyringsnotatet følger opp denne trenden med at ein gjennom parallelle endringar lar skriftspråka ta del i utviklinga mot meir homogenitet.

### 3. Framlegg som gjeld nynorsk og bokmål

#### 3.1 Endring av genusnormering for somme substantiv

Framlegga på dette punktet gjeld genusnormering for 12 einskildord. Framlegget inneber at 10 av dei 12 orda skal få same genusnormering i nynorsk og bokmål. Det er ei betring frå den nåverande normeringa, der berre 6 av dei 12 orda blir genusnormert likt. Framlegga er i tråd med den genusbruken ein møter i daglegtalet i det norske språksamfunnet, og frå LSS sitt synspunkt er det ei stor vinning at framlegga ser ut til å ta sikte på å fjerne unødvendige skilnader mellom normene for nynorsk og bokmål. Skilnader som ikkje har grunnlag i det talte daglegspråket i Norge, bør heller ikkje finnast i skriftnormene.

I innleiinga til høyringsnotatet, i avsnittet *Korleis skal fråsegnene utformast*, blir det vist til dokumentet *Retningslinjer for normering*, som nå ligg føre i ein versjon frå 2025 (her kalla «Retningslinjer 2025»). For kvar av dei to skriftnormene inneheld dokumentet eit knippe prinsipp som seier kva som kan utløyse ei normering og korleis normeringa skal handterast. Desse prinsippa er sjølve «verktøykassa» for normeringsarbeidet i Språkrådet. Prinsippa er svært detaljerte og er viktige i utforminga av framlegga i høyringsnotatet. For kvart framlegg blir verktøya brukt ved at det blir gjennomført ein diskusjon om kva for prinsipp som motiverer framlegget, og ofte òg kva for prinsipp ein har valt å *ikkje* bruke. Det siste kan vere naudsynt fordi prinsippa til tider kan sjå ut til å trekke i motsette retningar. Pussig nok finst det blant dei sentrale prinsippa inkje prinsipp som viser til auka likskap mellom nynorsk og bokmål som argument for utforminga av eit normeringsframlegg. I eit språksamfunn som blir stadig meir homogent, der folk kommuniserer saumlaust på tvers av dialektskilje, skulle ein tru at det òg *mellom* skriftspråka skulle vere eit sentralt mål (altså eit *prinsipp*) å fjerne eller bygge ned uviktige skilje. Det er ikkje definert noko slikt prinsipp, men det er desto meir gledeleg å sjå at dei framlegga i høyringsnotatet som gjeld for både nynorsk og bokmål, faktisk er i tråd med kva eit slikt prinsipp kunne ha vore.

Bak mangelen på eit slikt prinsipp om nedbygging av uviktige skilje ligg rimelegvis stortingsvedtaket frå 2002 om oppheving av § 1b (tilnærmingssparagrafen) i Lov om Norsk språkråd frå 1971. Men opphevinga av tilnærmingssparagrafen kan neppe tydst som eit påbod om det motsette.

Stortingsvedtaket bør derfor ikkje stå i vegen for fellesnormering i dei tilfella der tilhøva legg til rette for å la skriftspråka følge den utviklinga i meir homogen retning vi ser i norsk talemål.

Sjølv om eit formelt prinsipp for felles normeringsmål for nynorsk og bokmål ikkje er eksplisitt formulert blant dei sentrale prinsippa i «verktøykassa» i Retningslinjer 2025, er prinsippet likevel tatt i bruk i avsnitt 8 (normering av terminologi), avsnitt 9 (normering av navn) og avsnitt 10 (normering av importord). I avsnitt 10.7 er det til og med formulert som ein regel: «Norvagiserte ordformer skal i grunnforma ha same skrivemåte i bokmål og nynorsk.»

### 3.2 Normering av substantivet *tuppel* og ord på *-uppel*

Dette er greit nok - ingen kommentarar her.

### 3.3 Normering av ord med kort vokal: *bag(g)*, *gag(g)*, *handikap(p)*, *hit(t)*, *hot(t)*, *jet(t)*, *kred(d)*, *lab(b)*, *peg(g)*, *pop(p)*, *skip(p)*, *tab(b)* og *tub(b)*; *pepp*, *plott* og *putt*

Stort sett greit, men ein liten kommentar er på sin plass. I avsnitt 3.1 i eit tidlegare høyringsnotat, «Framlegg til rettskrivingsendringar i bokmål og nynorsk 2023», blei det gjort framlegg om normering av dei to orda *hub(b)* og *spot(t)*. Framlegga blei seinare vedtekne. Til sist i avsnitt 3.1 frå 2023 var dette avsnittet tatt med:

«Om framlegget blir vedteke, bør det danne mønster for normeringa av nye importord av den aktuelle typen. Det kan da òg bli aktuelt å revurdere normeringa av ein del ord, til dømes *bag(g)*, *hit(t)* og *laptop*.»

Avsnitt 3.3 i inneverande høyringsnotat frå 2026 framstår altså som eit framhald av ei normering som blei starta opp i 2023. LSS kommenterte i 2023:

«Det er ikke gitt at normering av disse orda bør drives for langt, siden normeringa i mange tilfeller skaper homografer med bøyingsformer av ord med helt annen betydning. Konteksten vil stort sett avklare hva ordet refererer til, men det kan vel tenkes at en konsekvent normering av slike ord ikke alltid vil være like heldig.»

Denne innvendinga er gyldig for to av orda i framlegget frå 2026: *lab(b)* og *tab(b)*, som vil få nettopp slike homografer. I argumentasjonen for framlegget står det «Framlegga er motiverte av **bruksprinsippet** og **enkelheitsprinsippet**», som begge er tunge prinsipp. Men vi får vel tru at skriftspråka taklar enda eit par homografer i tillegg til dei dei allereie har.

### 3.4 Normering av stadnamnet *Tyrol/Tirol* og tilhøyrande ord

Ingen kommentarar. Utanlandske stadnamn er i mange tilfelle eit vanskeleg område. Høyringsnotatet har ei særskild grundig utgreiing på dette punktet, og løysinga som er vald er rimelegvis den greiaste. Vi merker oss at dette punktet er ein av plassane der *bruken* av ei form får stor vekt: «Prinsippa for normering av samnamn talar for å la bruken vege tungt.»

### 3.5 Normering av *underfrå* og *-fra*

Ingen kommentarar.

### 3.6 Normering av substantivet *tics/tiks* og verbet *ticse/tikse*

Ingen kommentarar.

#### **4.1 Normering av *lykkje* og *løkke***

Ingen kommentarar.

#### **5.1 Normering av forleddet *vann-/vass-* og av *gørrblaut/-bløt***

Ingen kommentarar.

Nettverket for tydeleg og einskapleg nynorsk

v/Arvid Langeland

[ar.l@online.no](mailto:ar.l@online.no)

Voss, den 7. april 2026

## Høyringsfråsegn om framlegg til rettskrivingsendringar i nynorsk og bokmål 2026

### 3.1 Endring av genusnormering

**heft** 'feste'

I [www.ordbøkene.no](http://www.ordbøkene.no) finn me denne setningi: *Murblokker som gjev godt heft for murpuss.* Me stiller spørsmål ved om ordi 'heft' n. og hefte n. eigentleg har tydingi 'feste' på nynorsk. Korkje Norsk Ordbog (1873) eller Norsk Ordbok band 5 nemner ei slik tyding.

**korpus** 'samling av (tekst)materiale'

Me støttar framlegget om at 'korpus i tydingi 'samling av (tekst)materiale' kan vera inkjekjønn.

**prolaps**

Me støttar framlegget (m/n). Sjå òg under 'struma' nedanfor.

**skål** 'det å skåle og drikke som helsing eller for å ære nokon'

Me støttar **ikkje** framlegget. Me held fast på f.

**snakk**

Me støttar **ikkje** framlegget. Stabilitet.

**snufs**

Me støttar framlegget (m/n).

**stakitt**

Me støttar **ikkje** framlegget. Me held fast på n. Grunnlaget til endring er for veikt.

**stress**

Me støttar framlegget (n).

**struma**

Me støttar **ikkje** framlegget (m/n). Søk i nettbiblioteket - [www.nb.no](http://www.nb.no):

'strumaen' – 275 treff, søk på 'strumaet' – 56 treff; søk på 'prolapsen' – 289 treff, søk på prolapsen 200;

## **sukk**

Me støttar framlegget (m/n), jf. smil, snufs.

**tartan** 'materiale brukt som dekke på idrettsbane' m. el n.

Norsk Ordbok band 11 kom ut i 2013. Ho fører opp **I tartan** m, n i tydingi skotskrutt ullvevnad, rutemønstra (ull)stoff og **II tartan** n syntetisk materiale som vert nytta til dekkje på idrottsbanar.

Dette er so lite brukte ord at me bør kunna leva godt med å lata det vera slik nokre år og so vurdera det att når me har fenge eit betre grunnlag.

## **3.2 Normering av substantivet tuppel og ord på -uppel**

Framlegg 1) Substantivet tuppel får valfritt hankjønn eller inkjekjønn i nynorsk og bokmål. Ordet får da desse bøyingsformene: nynorsk: ein tuppel – tuppelen – tuplar – tuplane eller eit tuppel – tuppelet – tuppel – tupla

Ingen merknad.

## **3.3 Normering av ord med kort vokal: bag(g), gag(g), handikap(p), hit(t), hot(t), jet(t), kred(d), lab(b), peg(g), pop(p), skip(p), tab(b) og tub(b); pepp, plott og putt**

I Nynorsk ordliste – tradisjonell og einskapleg norm er det normert slik:

- 1) bag -en, gag -en, handikap -et, hit -en, hot -en, jet -en, kred -en, lab -en, (laboratorium), peg -en, pop -en, skip -en, tab -en, og tub el tubb -en (tuberkolose)
- 2) pep el pepp -en, plot el plott -et og putt.

Ordi som er markerte med gult er ikkje oppførde i ordlista.

## **3.4 Normering av stadnamnet Tyrol/Tirol og tilhøyrande ord**

Me ynskjer ingi endring.

## **3.5 Normering av underfrå og -fra**

Framlegg

Adverbet underfrå (nynorsk) og underfra (bokmål) blir normert med desse skrivemåtane.

Grunngjeving

Saka dreier seg om nynormering av adverbet underfrå/underfra. Dette adverbet kvalifiserer til å få artikkel i standardordbøkene, og det må derfor fastsetjast normerte skrivemåtar.

Nettverket:

Adverbet underfrå er ikkje nemnt i Ivar Aasen: *Norsk Ordbog* (1873) eller i Norsk Ordbok band 11.

Søk i nettbiblioteket i kveld: 31 treff i avisor frå 1910 til i dag, men 9 av dei var feillesing og 2 var på bokmål.

Her er tri døme. Tradisjonell seiemåte er sett i skarpe klombrer etter kvart døme.

Horda Tidend, 27.01.1953: «so hev dei ein gong vorte pressa upp underfrå» > [nedanfrå]

Bømlo-Nytt, 06.02.2004: «rekna han med at det ville gro godt opp underfrå i organisasjonen» > [nedanfrå]

Vaksdalsposten, 27.01.2015: «Underfrå gjorde kaldt myrvatn no sitt til at kroppstemperaturen hennar no vart farleg låg.» > [frå undersida]

Me meiner at det er for tunt grunnlag til å taka inn `underfrå`.

### **3.6 Normering av substantivet tics/tiks og verbet ticse/tikse**

Me rår til slik oppføring:

fleire *tics* – *dei ticsa* /les: *tiks* – *tiksa*/

Som verb (å ha tics): *ticsa* – *ticsar* – *ticsa* – *ticsa*

*tics* kjem frå fransk og er fleirtal av *tic*. Det tyder ufriviljuge (involuntære) rørsler, helst som trekningar i større muskelgrupper på hovud og hals. Ordet vert normalt berre brukt fleirtal på norsk:

### **4.1 Normering av lykkje og løkke**

Me meiner at normi må vera einskapleg og held fast ved at *lykkje* f. skal vera eineform i alle tydingar.

Arvid Langeland

leiar i Nettverket for tydeleg og enkel nynorsk



Til  
Språkrådet

*Dykkar referanse:*

*Vår referanse:*  
003/26-713

*Dato:*  
7. april 2026

### **Høyringsfråsegn frå Noregs Mållag – framlegg til rettskrivingsendringar i nynorsk og bokmål 2026**

Vi viser til høyringsnotat frå Språkrådet med framlegg til rettskrivingsendringar i nynorsk og bokmål, med svarfrist 7. april 2026. Noregs Mållag nøyter seg med å levere eit høyringssvar som gjeld punkt 3.3. i høyringsnotatet, «Normering av ord med kort vokal: bag(g) [mfl.]».

Framlegget gjeld endring i normeringa av 16 substantiv som har det felles at dei blir uttalte med kort vokal trass i at dei i dag er normerte med valfri enkel eller dobbel konsonant i utlyd, t.d. bag(g) og lab(b). I dag må den enkle eller doble konsonanten behaldast gjennom heile bøyinga:

ein bag – bagen – bagar – bagane | en bag – bagen – bager – bagene  
ein bagg – baggen – baggar – baggane | en bagg – baggen – bagger – baggene

ein lab – laben – labar – labane | en lab – laben – laber – labene  
ein labb – labben – labbar – labbane | en labb – labben – labber – labbene

Språkrådet gjer framlegg om å gjere enkel eller dobbelkonsonant valfritt i ubunden form eintal, medan dobbel konsonant skal gjerast obligatorisk i dei bøygde formene:

ein bag/bagg – baggen – baggar – baggane | en bag/bagg – baggen – bagger –  
baggene  
ein lab/labb – labben – labbar – labbane | en lab/labb – labben – labber – labbene

Som grunngeving er det vist til både bruksprinsippet og enkelheitsprinsippet i Språkrådets retningslinjer for normering.

Noregs Mållags syn på framlegget

Noregs Mållag sluttar seg til høyringssvaret frå Tansa Systems AS dagsett 29. januar 2026 og normeringsframlegget der:

Tansas forslag (endringer kursivert):

Bokmål: en bag – *bagen/baggen* – *bager/bagger* – *bagene/baggene*  
en bagg – baggen – bagger – baggene

Nynorsk: ein bag – *bagen/baggen* – *bagar/baggar* – *bagane/baggane*  
ein bagg – baggen – baggar – baggane

Vårt forslag begrunnes med henvisning til bruksprinsippet i Språkrådets egne retningslinjer for normering. Det er ingen tvil om at bruken av enkeltkonsonant i bøyde former av i hvert fall noen av disse ordene står sterkt. Søk i mediearkivet Atekst for siste 3 år viser høy overvekt i bruken av enkeltkonsonant i bøyde former av eksempelordet *bag* når det gjelder bokmål. Faktisk forekommer skrivemåten *bagen* i 7 ganger så mange artikler i arkivet som *baggen*. Da virker det ikke hensiktsmessig å fjerne denne skrivemåten av rene systemhensyn hvis bruksprinsippet fortsatt skal være gjeldende.

Ett av argumentene for Språkrådets vurdering er at enkelte andre ord av lignende slag som *hub/hubb*, *spot/spott* mfl. allerede er normert på tilsvarende måte. Det er en tvilsom begrunnelse. Disse ordene ble normert relativt nylig, noe som ikke bør gi grunnlag for å danne mønster for andre ord som har vært i bruk i lang tid med en annen normering og etablert skrivemåte, slik som *bag*. Her er det også grunn til å påpeke at en form som *huben* lever i beste velgående og ser ut til å være minst like mye brukt som varianten med dobbeltkonsonant.

Noregs Mållag vil for egen del supplere kommentarane frå Tansa Systems med at isolert sett talar også enkelheitsprinsippet for at det skal vere mogleg å skrive dei bøygde formene med enkel konsonant når ubunden form eintal – altså grunnforma av ordet og oppslagsforma i ordbøker – kan skrivast med enkel konsonant. Det er altså enkelt isolert sett at bag kan bøyast *bagen* – *bagar/bager* – *bagane/bagene*. Vidare meiner Noregs Mållags at enkelheitsprinsippet for denne typen substantiv

best kan varetakast ved at ord som *hub(b)*, *spot(t)* og *chat(t)*, som det er vist til i høyringsnotatet, som i dag har valfri enkelt eller dobbel konsonant i ubunden form, men obligatorisk dobbel konsonant i bøygde formen (*hub/hubb* – *hubben* – *hubbar/hubber* – *hubbane/hubbene*), får same type valfridom i bøygde former som Noregs Mållag og Tansa Systems gjer framlegg om at orda i rettskrivingsframlegget punkt 3.3. skal frå. Dette må då gjeld både dei tre nemnde orda og eventuelle andre ord som er normerte på same måte i dag.

Noregs Mållag føreslår altså at ord som i dag er normerte på same måte som *hub(b)*, får valfri enkel eller dobbel konsonant både i ubunden form og bøygde former:  
ein hub – *hub(b)en* – *hub(b)ar* – *hub(b)ane* | en hub – *hub(b)en* – *hub(b)er* – *hub(b)ene*  
ein hubb – *hubben* – *hubbar* – *hubbane* | en hubb – *hubben* – *hubber* – *hubbene*

Med venleg helsing  
NOREGS MÅLLAG



Språkrådet  
Postboks 1573 Vika  
0118 Oslo

## Fråsegn til framlegg um rettskrivingsbrigde

Norskt måldyrkingslag hev merknader åt framlegg til brigde i rettskrivingi av ymse ord som Språkrådet no hev sendt ut på høyring. Merknadene gjeld i grunn berre nynorsk, men sumt kann råka bokmål med.

### 3.1 *heft*

Språkrådet gjerer framlegg um at ordet *heft* i tydingi 'feste' skal skifta kyn frå inkjekyn til hannkyn. Alle tydingane av ordet fylgjer or ei grunntyding 'e-t som kverrset e-n/e-t', og det lyt då liggja fyre ein god grunn, skal ein kløyva ut ei sertyding med eigi bøyging. Framlegget gjerer ikkje greide for grunnlaget i korpus, og det er difor uråd å taka stelling til det utan vidare.

Det er ein uting at det ikkje vert framlagt korkje handfaste tal, tilvising til kva korpora det er søkt i, eller døme på søk; når det vert lagt so stor vekt på korpus, lyt det vera etterprøvande utan for mykje strev. Det er gjort grove mistak i slike tal fyrr, og i punkt 3.5 nedanfyre skal me sjå at det er gjort mistak denne venda med.

Det er liten grunn til å lita blindt på udryfte tal or korpus, og neppe tilrådelegt å ganga so langt som å banna henne heilt, bøygingi som hev vore gjeldande til dessa.

### 3.1 *skål*

Språkrådet gjerer framlegg um at ordet *skål* i tydingi 'drikkehelsing' skal skifta kyn frå hokyn til valfritt hokyn eller hannkyn. Her med vert det vist til ymse korpora, utan at det vert gjort nøgnare greide for. Hannkyn i slike tilfelle er upplagt eit lån or norsk-dansk, og det bør difor liggja ei seriøs dryfting til grunn for eit vedtak, ikkje lause tilvisingar.

Det synest som Språkrådet ikkje ser fyre seg at mistak eller avvik frå normi skal kunna finnast i skrift, og at alt hev ei løysing i normering. Nynorsk er eit mindretalsmål under jamt press, og slik ideleg småflikking og lapping skapar berre meir vande og ustøda som ikkje er til gagn åt deim som skal skriva nynorsk. Eit minstemål lyt vera å gjera ei grannsam etterrøking og dryfting fyrr en ein kjem med framlegg til vedtak.

### 3.1 *snakk*

Språkrådet gjerer framlegg um at ordet *snakk* skal skifta kyn frå inkjekyn til valfritt inkjekyn eller hannkyn. Bakgrunnen er sertydingi 'samrøda'. Denne normeringspraksisen skil seg

merkande ut frå den som ligg til grunn for ordi *heft* og *skål* (sjå ovanfyre), der dei vil skilja ut sertydingi med eigi bøyging. Det er heilt umotivera kvifor sertydingi av *snakk* då skal råda for alle tydingane av ordet.

### 3.2 *tupel* og ord på *-upel*

Språkrådet gjerer framlegg um å normfesta ordet *\*tuppel* med valfritt hannkyn eller inkjekyn. At det kjem or engelsk, er berre måta sant; den hage norske matematikaren Thoralf Skolem (1887–1963) nøytt ordet i skapet *tupel* (inkjekyn), fulla beint etter tysk *Tupel* (inkjekyn), alt medan tysk lenge var *lingua franca* i matematiken. Hadde ordbokfolket havt større ans for denne vitskapen, vøre ordet alt ordbokfest i den formi, er likt. At det vidare bruket i dag helder hev engelske fyrelag, er sikkert sant. Det er i den samanhengen verdt å gå at eng. *tuple* hev stutt vokal i amerikansk og lang vokal i britisk framburd.

Framlegget tel so til å brigda skrivemåten av *kvadrupel* osb. til *\*kvadruppel* av di det «blir uttala med kort *u*.» Her legg Språkrådet til grunn ein normativ framburd som byggjer på norsk-dansk tale. Flest norske målføre vil tradisjonelt helder leggja tyngdi på fyrste stavingi i slike lånord — soleis *kvad`rup`l* — og då er ikkje lengdi av *u* i lett stoda skiljande. Det er same normative målsyni som lagde norsk-dansk *matematikk'* til grunn då *matematik* vart brigdt til *matematikk* (mot gjengs norsk *mat`ematik*) og gav oss mishøvet med ord so som (ein) *matematikar* av same stomnen.

Skal ein visa til «einfeldeprinsipet» med parallell skrivemåte av same ordlagingsselementet, skulde ein her lagt skrivemåten av det nynormera ordet *tupel* etter hine fyrrnormera ordi *kvintupel* osb., ikkje andre vegen. Framburden kann vera med lang eller stutt *u*, og nynorsk praksis er at fyre einfeld konsonant kann vokalen vera stutt eller lang, men fyre tvifeld konsonant lyt han stødt vera stutt, og difor er einfeld konsonant her den mest robuste løysingi. Sambandet millom *tupel*, *kvadrupel* og *dobbel* er ordsogeleg greidt, men er vel ikkje noko folk tenkjer på medan dei skriv; då lyte me havt lik skrivemåte av *kjemi* og *alkemi* au.

Språkrådet lyt visa av den hegemoniske rolla norsk-dansk tale hev i tiljankingi av lånord på norsk og halda på einfeld konsonant i alle desse ordi på nynorsk.

### 3.3 *bag* osb.

Språkrådet gjerer framlegg um å føra inn eit bøygemynster *bag* : *baggen* osb. Slik tviauke av medljod kjenner me vel frå dansk rettskriving (*top* : *toppen*), og i nokon mun frå engelsk (*bag* : *bagging*), men det bryt med ei grunnsetning i norsk rettskriving. Det sviv då i grunn um ein tilrådd skrivemåte av visse utlendske ord i norsk og ikkje um eigenleg norsk rettskriving, soleis at ein skriv det engelske ordet beint fram med *bag*, men eit hybridskap med *bagg* og *baggen*; det er for so vidt vitugt at ei hybrida av eit engelskt ord med norsk ending berre kann skrivast med eit hybridskap. Eit anna hybridskap er *⟨bag-en⟩*, med eller utan skåskrift av framandordet, og den løysingi kunde vel òg ha vore dryft når ein fyrst hev saki uppe til avgjerd.

Det er skilde meiningar um kor høvelege slike hybridor er, men skal ein fyrst skriva deim, ligg det no eingong i håtten deira at dei gjeng holvo i ymiskvar leidi, so detta kann vera ei lika god løysing som nokor onnor — einaste det helst skulde kome fram i ordbøkene at det er ei hybrida og ikkje norsk i eigenleg tyding.

### 3.5 *under (i)frå* — *undan(i)frå*

Språkrådet gjerer framlegg um å normfesta eit adverb *\*underfrå*. Det vert sagt å vera ein «variant» av eller «liknande» med *undan(i)frå*, og i grunngjevingi les me at Språkrådet reknar desse ulike ordi for ulike «former» — uvisst av kva. Av same ordet? Same tydingi? Her vantar ei utgreiding.

Fyrst lyt me finna ut kva normeringi er i dag, og um alt detta er «former» av same «greida».

Det adverbiale bruket av «*underfrå*» i tekst skil seg ikkje frå tilsvarande bruk av «*underfrå*» i tvau. Desse tvo ordi er audsynt normfeste, so saki synest vera um ein skal samskriva deim, og um det er nokon grunn til å normfesta denne samanstillingi av tvo preposisjonar i heilo.

*Undan(i)frå* hev ei onnor og eldre soga. Fyrelækken høyrer til ein flokk adverb med grunnleggjande fråstadtyding som sidan fekk vidare nøytsla, serleg i samanstilling med preposisjon. Soleis hev me m.a.:

ovan	ovantil	ovan(i)frå
nedan	nedantil	nedan(i)frå
innan	innantil	innan(i)frå
utan	utantil	utan(i)frå
nordan	nordantil	nordan(i)frå
unna	unnatil	unna(ni?)frå

Einaste ordet or denne yversyni som vantar i den gjengelege netordboki, er *undan(i)frå* (*unna(ni)frå*). Det tyder ikkje at ordet ikkje er normfest; det fylgjer tvert imot beint av målbyggnaden med di det fritt kann setjast i hop av *undan-* (*unna*) og *(i)frå*. Eit ev kjem av samnorskformi *unna* for *undan*, som er bågssam av di flestalle målføri hev høyrande *-n-* fyre vokal so som i *undanifrå* — skal ein då skriva *unnaifrå* innanfyre normi? Vanden er åtgådd vorten fyrr, for i Setlearkivet er t.d. ei uppskrift av *unn'antifrå* frå Vestby på Follo 1987 katalogisera under «*unna(n)-frå*».

Grunnen til at grant detta ordet ikkje stend i ordboki i dag, er då kann henda at dei ikkje visste korso dei skulde løysa den floken på samnorsk grunn. Elles er ordet kann henda noko sjeldgjengare en dei hine med di *nedan(i)frå* hev noko av same tydingi, og det dessutan er vanleg å segja 'frå undersida' og dilikt.

Samnorskformi er bågssam på onnor vis au, for i vestnorsk er *d* høyrande i *-nd-*, og når ordet *undanfrå* vert frambore *ùn'dafrå*, set det tanken på *under* (vn. *ùn'da*) helder en *unna* so som ordet er skriva i ordboki. Sume skrivne tilfelle av «*underfrå*» gjeng venteleg beint attende på ordet *undanfrå* i vestnorsk framburd.

Det spyrst òg um *\*underfrå* i andre høve er for eitt ord å rekna. Slik samanstilling av preposisjonar er ikkje vanleg på norsk; i verksam (og ofta uturvande) nylaging høyrer me helst *uppe-frå*, *uppifrå* (som visst hev fenge ei sertyding!) eller *uppan-ifrå* med adverb fyre, og ikkje *\*uppå-frå* med preposisjon fyre. Til synes finn me det i samansetningar so som *imot* osv., men sogeleg er det preposisjonen *i* til namnordet *mot* og er upphavet til preposisjonen *(i)mot*. Der me helst finn det, er i ellipse, so som:

*Ljodet kom frå (ein stad) under bilen.*

Dersom *bilen* òg vert stroken or setningi, fær den tilhøyrande preposisjonen umfram tyngd, og ordfylgdi vert ei onnor:

*Ljodet kom under (bilen) (ein stad) frå.*

Det er då tale um tvo åtskilde preposisjonar som hev hamna einn attmed annan for skuld ellipse, og ikkje eitt ord. Det er liten grunn til å samskriva deim og rekna deim for eit eige ord. Eitt ord i eigenleg meining vert denne samansetningi av tvo preposisjonar fyrst dersom *under* tapar umframtyngdi si og vert sagt i eitt med det etterfylgjande *frå* med tvent tonelag, men det er uråd å lesa or skrifti kva skrivaren hev etla i kvart tilfelle. I jamn tale vert denne framburden òg vandare å skilja frå ordet *undanfrå*, jf. dømet or vestnorsk nemnt ovanfyre, eller vestfoldmål *unn'æfrā* som vert sveiplikt \**underfra* med burtfallen *r* i tale.

Det er råd å tenkja seg at burtfallet av *unden* i bokmål og den trengde stoda åt *undan* i skulenynorsk hev skapt eit tomrom som *under* kann fylla, um ein dilik konstruksjon vik aldri so mykje av frå mynstret elles. Desso imote kann slike tilfelle òg fyrst og fremst vera ei skriftleg tilmåting av ymse ovringar, so som nemnt ovanfyre, i vant av rettleiding og fyredøme frå ordbøker og gjengs skriftliv. Det skulde vore nøgnare utgreidt.

(Ein sidemerknad um norsk-danskt talemål. Me går at formi *un`nifrā* o.dl. for *undenifra* er helder ålmenn, med dyljande sandhi av di den fonologiske utgangsstoda i lekken *-en* er schwa, som stend andsynes fullvokal i *-a(n)* i anna norskt talemål. Når ein ikkje kjenner *unden-* i skrift, ser ein radt ikkje samanhangen med talemålet og trur det skal segjast med *d*; då må det liggja nær å freista skriffesta det med *under-* i staden.)

Ein gjenomgang av hittane i tekstene hjå Nasjonalbiblioteket (*nb.no*) syner at ordet *undan(i)frå* kor som er tidgjengare en samskrivingi *underfrå*, òg dersom me berre ser på tekstene etter året 2000:

	<i>undanifrå</i>	<i>—frå</i>	<i>undafrå</i>	<i>unnafrå</i>	<i>unnafrå</i>	<i>—ifrå</i>	I ALT	<i>underfrå</i>
2020–26		6	1			1	8	8
2010–19	2	6		3		1	12	10
2000–09	3	8		5	1		17	5
1990–99	1	11	2	4	4	2	24	3
1980–89	3	3	1	3			10	2
1970–79		6		6	3		15	
1960–69		4		4	4		12	
1950–59		2		2			4	1
1940–49		2		2			4	
1930–39		6					6	
1920–29	1	1					2	
SUMMA	10	55	4	29	12	4	114	29
2000–26	5	20	1	8	1	2	37	23

Ein hitt her er einn eller fleire hittar i ei og same skrifti. Som me ser, er den tradisjonelle skrivemåten av *undan-* med *d* og *n* framleis den rådande, og *undanfrå* er klårt meir gjenleg en *unnafrå*, som fylgjer normeringi av *unna*. (Same innslaget av tradisjonelle former ser me dessutan med *undantil*, *undatil*, *unnantil*.) Metodiskt er *underfrå* vand å hava med å gjera med di mange hittar er ranginnlesingar med OCR; 17 slike range hittar er uttekne or

tali (tvo etter 2000). Einn rang hitt av *«unnafrå»* frå 80-ári er òg utteken. Det er ikkje søkt etter serskrivingar.

Det er difor misvisande når det i framlegget heiter at «variantane [...] med forleddet *under-* er jamt over dei mest brukte både i nynorsk og bokmål.» Tali frå Nasjonalbiblioteket viser i alle høve noko anna for nynorsk.

Etter vanleg klassifisering er *undan(i)frå* ein preposisjon: «Råmen kom undanfrå bakken.» Denne preposisjonen hev òg adverbial nøytsla. Framlegget um *\*underfrå* gjeld eit adverb, og me ser ingi døme på at det stend preposisjonelt. Slik sét fyller det ikkje romet etter hitt ordet.

Dessutan hev ordet *undan* ei vidare tyding i rom en *under*; det kann visa til rørsla frå ein stad 'under' eitkvart, men kann òg visa til rørsla 'burt' frå eitkvart. Samansetningi *undanfrå* kann òg røma denne tydingi: «Han vart filma langt undanfrå.»

Eit anna punkt er at *\*underfrå* vil krevja *\*overfrå*, som vel finst i noko same munen. Spurni er då um det er turvande og ynskjelegt med ein slik flokk av ord attmed dei hine.

Ikkje rettare me kann sjå, tek framlegget då i miss på ei rad punkt:

- *Underfrå* er ikkje «same greida» som *undan(i)frå*.
- *Underfrå* er ikkje meir i bruk en *undan(i)frå*.
- *Underfrå* er rettare *under (i)frå*, som alt ligg inne i normi.

Stramleik hev lite og inkje med saki å gjera. *Undan(i)frå* og *\*underfrå* er audsynt åtskilde ord og lyt forast upp i den mun kvart av deim finst. *\*Underfrå* kann ikkje koma «i staden for» *undan(i)frå*, slik framlegget legg upp til. Uppføring i ordboki skal ikkje vera eit måltekno-kratiskt verkty; ordboki skal — i denne samanhengen — gjeva rettleiding åt deim som vil finna ut korso norske ord skal skrivast i samsvar med ei norm.

I detta tilfellet synest det som utelatingi av bm. *undenfra* or ordboki, og kvestingi av nn. *undan-* til *unna-* i normi, som hev gjort sambandet med både vn. *undafra* og an. *unnanifra* vandare å finna ein rett skrivemåte for, hev gjort sitt til å bægja formene undan skriftleg nøytsla i nokon mun — men ikkje meir en at dei tradisjonelle formene framleis er livs livande og ser ut til å hava yvermunen.

At formi *«underfrå»* hev vunne noko rom, er då utkoma av medviten samnorskpolitik som hev gjort det reint uråd å finna att målet sitt i ordboki. Å leita ut og stolsetja det vesle tilfanget som er, utan at det er på ollo skyn teke, er ikkje nøytral vardveitsla av målet, men i røyndi eit framhald av samnorskpolitiken med andre argument. Dømet her syner at ein tvert imot ikkje kjem undan å bøta på gamalt samnorskherverk, skal ein finna dei løysingar som høver målet best.

Dersom noko skal normfestast, lyt det vera *undan(i)frå*, som er mest i bruk og høver klårt best med systemet. *Undan* bør koma inn som den systemrette formi ho er.

For Norskt måldyrkingslag

Thorgeir Holm, styresmann

Sergej Alexander Munkvold, skrifvar



## Høringsuttalelse fra Riksmålsforbundet om Framlegg til rettskrivningsendringar i nynorsk og bokmål 2026.

### 3.1 Endring av genusnormering for somme substantiv

Vi noterer med glede at de fleste bokmålsforslagene går riksmålets vei, og at det gis valgfrihet der det er grunnlag for det. Når det gjelder *prolaps* og *struma*, blir det vel – iallfall inntil videre – tale om en fagspråklig form (nøytrum) og en allmennspråklig (maskulinum). Forholdet bør holdes under oppsikt.

I ett av ordene fraråder vi valgfrihet, nemlig ved *skål*, av to grunner:

1. Det overordnede synspunkt på normeringen som er fastsatt av departementet, nemlig at målformene skal få utvikle seg og normeres på sine egne premisser.
2. Den oppfatning som ligger til grunn for riksmålsnormeringen, at valgfrihet er en rimelig løsning bare når begge former er i vanlig bruk.

Ut fra punkt 1 ovenfor mener vi at Språkrådet burde ha undersøkt om formen *skåla* om «glass eller beger som . . .» i det hele tatt har vært brukt og brukes i bokmålstekster. Vi har gjort det (på [bokhylla.no](http://bokhylla.no)) men har ingenting funnet:

#### Tall for tidsrommet 1950–2026

	Aviser	Bøker
skålen for kongen	96	42
skåla for kongen	15*	14**
en skål for	18 050	11 890
ein skål for	490	180
ei skål for***	360	430

\* Alle som det har vært mulig å undersøke, er nynorske. 6 av dem er en form av verbet *skåla*.

\*\* Alle de 9 som det har vært mulig å undersøke, er nynorske. 8 av dem er verbalformer.

\*\*\* Vi har ikke funnet eksempler fra bokmålstekster.

På grunnlag av dette anbefaler vi at *skål* i betydningen «glass som drikkes . . .» får -en som eneform i bokmål. I tillegg til realitetene når det gjelder bruk, kommer det forhold at ordlistereglene anno 1959 påbyr at valgfrie former oppføres i alfabetisk rekkefølge, altså *skåla* før *skålen*. Det er villedende her som i mange andre tilfeller.

### 3.2 Tuppel

Enig.



### 3.3 Engelske ord med kort vokal

Enig, men under tvil, med tanke på at konsekvenskravene ikke må drives for vidt når det gjelder lån fra språk med en annet forhold mellom talt og skrevet vokal enn i norsk.

### 3.4 Tyrol/Tirol

Vi oppfatter *Tirol* som det tyske navnet på *Tyrol*, og anbefaler at formen med *y* blir stående som eneform. Bruksfrekvensen (som vises best ved adjektivet *tyrolsk/tirolsk*) taler imot å innføre valgfrihet; *y*-formen er ti ganger så hyppig som *i*-formen. Det er dessuten lang tradisjon i norsk for *y* i f.eks. *tyrolerhatt*, *tyrolermusikk*, *tyrolervals*, *tyrolienne*, og tilsvarende i svensk og dansk.

### 3.5 Underfra

Enig.

### 3.6 Tics

Enig.

## Høyringsfråsegn til

### *Framlegg til rettskrivingsendringar i nynorsk og bokmål 2026*

Erik Solem

#### **Til punkt 3.1**

Eg merkjer meg at framlegget tydeleg ber merke etter at nynorsken vert retta etter bokmålet, men ikkje på noko punkt rettar bokmålet seg etter nynorsken. De peikar på *bruksprinsippet*, og eg vonar at tekstkorpuset gjev eit betre grunnlag denne gongen en ved rettskrivingsbrigdet i 2012, då det kom fram at store bokmålsinnslag i nynorskorpuset fekk utslag for avgjerdene.

#### **Til punkt 5.1**

De peikar på «usystematiske trekk i norma» for å normera blandingsformer av vass-sjuk og «rettar opp» ved å leggja til tvo nye former (her brukar de vel i grunnen òg *enkelheitsprinsippet* endå de skriv at det ikkje er lagt til grunn?), men gjer alt anna en å «retta opp» systemfråvik når de samstundes tek ut former med *vass-* i mange ordsamband. Når de vil gjera slike undantak, ser eg ikkje at det er naudsynt å leggja til formene *gørrbløt*, *vassbløt* og *vassgrøt*. Formene med -au- kann gjerne vera eineform enno etter *stramleiksprinsippet*, og sameleis er det vel likt til at «vass-syk» einast vert ordlistefyll («vannsjuk» hev kann henda meir fyre seg).

# STORE NORSKE LEKSIKON

Språkrådet  
post@sprakradet.no

Oslo, 4. februar 2026

## Høringsuttalelse om endring av skrivemåte fra Tyrol til Tirol

Vi viser til Språkrådets høringsnotat «[Framlegg til rettskrivingsendringer i nynorsk og bokmål 2026](#)» (26. januar 2026). Høringsuttalelsen gjelder punkt 3.4.

**Store norske leksikon fraråder å endre den normerte skrivemåten Tyrol til Tirol for området i Østerrike og Italia.** Hvis normeringen likevel endres, anbefaler vi at Tirol tas ut, slik at Tyrol blir eneform for både området og den østerrikske delstaten; eventuelt at Tyrol/Tirol gjøres valgfritt.

Vi mener at forslaget om å erstatte Tyrol med Tirol som eneform legger for stor vekt på endonymiprinsippet og for liten vekt på etablert norsk bruk og normeringstradisjon. Det er ikke grunnlag for å erstatte Tyrol med Tirol som eneform i norsk.

Skrivemåten Tyrol er klart mest brukt i norsk skriftkultur, både i aviser, bøker, leksika og i allmenn nettbruk, og framstår som den umarkerte og forventede norske formen. Skrivemåten sammenfaller også med dansk (*Tyrol*) og svensk (*Tyrolen*). Det er ingen klar grunn til at norsk bør avvike fra de andre skandinaviske språkene her. Norsk bruker riktignok flere endonymer i bynavn enn dansk og svensk, men har omtrent like mange eksonymer for land- og områdenavn.

Y-formen dominerer også i avledninger som tyrolerhatt, tyrolermusikk og tyrolerstil. Disse ordene er i praksis leksikaliserte kultur- og stilbetegnelser, ikke bare transparente avledninger av et stedsnavn.



**Store norske leksikon**  
Grensen 3, 0159 Oslo  
redaksjonen@snl.no  
www.snl.no  
Org.nr. 914 337 658

*Med opptil 3 millionar unike brukarar i månaden og 600 000 lesne artiklar kvar dag er Store norske leksikon den største norske nettstaden for forskings- og kunnskapsformidling. Nettstaden blir gjeve ut av den ideelle foreininga Store norske leksikon, medlemene er dei norske universiteta og andre ideelle kunnskapsinstitusjonar. Innhaldet i leksikonet blir skrive og oppdatert av 1300 fagansvarlege, der fleirtalet er forskarar ved universiteta.*

## BÅDE ENDONYMI OG EKSONYMI I NORSK NAVNENORMERING

Høringsnotatet gir inntrykk av at endonymiprinsippet har en mer dominerende rolle enn det faktisk har i norsk navnenormering. Vedtaket i [Rettskrivningsendringer fra 1. juli 2005](#), som det vises til, er svært kortfattet og uten kontekst. Det forholder seg heller ikke til de både etablerte og normerte norske eksonymene.

Endonymiprinsippet står sterkt i norsk navnenormering når det gjelder byer, men for regioner, områder og land er bildet langt mer variert:

- For land brukes i hovedsak norske eksonymer, f.eks. Tyskland, Østerrike og Sveits.
- For byer brukes endonymer, for eksempel Venezia, Firenze og München.
- For regioner og områder er det en blanding, der tradisjon og bruk ofte veier tyngre enn streng endonymi - særlig for historiske regions- og landskapsnavn (Flandern, Catalonia, Böhmen).
- For naturobjekter er det også en blanding, for eksempel er Alpene, Rhinen og Themsen etablerte norske navn som avviker fra de endonyme formene.

Navnet Tyrol viser til et historisk-geografisk landskap, ikke til en by eller en entydig avgrenset administrativ enhet. Dette skiller Tyrol fra tilfeller der endonymiprinsippet står særlig sterkt. Endonymiprinsippet bør derfor ikke overstyre bruksprinsippet i dette tilfellet.

## LIGNENDE EKSEMPLER OG NORMERINGSUTFORDRINGER

Den normerte norske skrivemåten Catalonia samsvarer verken med katalansk (*Catalunya*) eller spansk (*Cataluña*). Likevel er Catalonia en veletablert og funksjonell norsk form. Det er en stor fordel å kunne bruke et eksonym om akkurat denne regionen, og slippe å velge mellom ett av språkene - et valg som i seg selv kan oppfattes som politisk eller normativt.

Flandern er også en innarbeidet og normert norsk skrivemåte, men samsvarer verken med nederlandsk (*Vlaanderen*) eller fransk (*Flandre*). Her er det også en fordel å slippe å ta stilling til om man skal legge et annet språk enn norsk til grunn for normeringen.

Språkrådet har normert både Böhmen og Čechy som navn på den vestligste regionen i Tsjekkia. Čechy er det endonyme navnet. Böhmen er det tyske navnet, men har gjennom lang bruk blitt et etablert norsk eksonym. Böhmen er klart mest brukt.

På tilsvarende måte er Tyrol en etablert norsk form som ikke samsvarer fullt ut med endonymet Tirol, men som fungerer godt og er innarbeidet i norsk.

Begrunnelsen for å endre fra Tyrol som enform til Tirol som enform framstår som svak og lite gjennomtenkt. Hvis man også vil legge endonymiprinsippet til grunn for navn på regioner og områder, vil det skape utfordringer og tradisjonsbrudd langt utover dette enkelttilfellet.

## **NORSKE NAVN BØR BEVARES**

**Vi mener at regionnavn i større grad bør ha norske eksonymer, og at regionnavn bør oversettes til norsk der det er mulig.** Det er for eksempel mye enklere å forstå regionsnavn som Stor-Polen (*Wielkopolska*), Sør-Kordofan (*Janūb Kurdufān*) og Nordvest-Vietnam (*Tây Bắc Bộ*), enn å bruke de endonyme navnene.

Å kunne forstå, dekode og kjenne igjen stedsnavn gjør kulturell, politisk og geografisk kunnskap lettere tilgjengelig. Det styrker evnen til å orientere seg i internasjonale forhold og til å forstå andre samfunn enn sitt eget.

Tradisjonelle regions- og områdenavn er også viktige kulturbærere. Der det finnes norske navn, bør disse i all hovedsak bevares. Vi mener at dette også gjelder Tyrol - denne skrivemåten har lang tradisjon, og er godt innarbeidet i alt fra leksikonartikler til juskartonger.

### **MISVISENDE PÅSTANDER OM LEKSIKON I ARTIKKELEN OM TYROL/TIROL I NAMN OG NEMNE**

Høringsnotatet viser til en artikkel av Hanno Sandvik\* i *Namn og Nemne*. I artikkelen brukes SNL og våre forgjengere som argumentasjon for at «Tirol» er en etablert navneform i norsk.

Det er korrekt at Store norske leksikons papirutgaver i hovedsak har skrevet Tirol (men også Tyrol). Det er imidlertid viktig å påpeke at papirutgavene av SNL i stor grad fulgte et svært strengt og til dels overdrevent endonymiprinsipp. For eksempel var Fransk Polynesia i 2005-utgaven av papirleksikonet oppført som *Polynésie Française*, og Catalonia var oppført som *Cataluña* (det spanske navnet).

At SNL for lenge siden har brukt Tirol, kan derfor ikke brukes som argument for at denne skrivemåten er den mest etablerte, eller at det er den mest hensiktsmessige normen i dag.

Papirutgaven av SNL forholdt seg i liten grad til Språkrådets stedsnavnvedtak og fulgte et endonymiprinsipp som favoriserte majoritetsspråk i de enkelte land. I dag følger redaksjonen i hovedsak Språkrådets vedtak. Der Språkrådet ikke har fastsatt normering, bruker vi så langt som mulig norske oversettelser eller eksonymer av regionnavn.

Vennlig hilsen

STORE NORSKE LEKSIKON

Ola Nordal  
redaksjonssjef

---

\* Hanno Sandvik er av tysk/østerriksk herkomst. Han er biolog og forsker ved Norsk institutt for naturforskning. Han har forfattet [norske Wikipedias navnekonvensjoner for flerspråklige områder i Italia](#).



Språkrådet  
Postboks 1573 Vika  
0118 Oslo

Oslo, 29.01.2026

## Høringsuttalelse om forslag til rettskrivningsendringer 2026

Tansa foreslår følgende endring i framlegget til rettskrivningsendringer:

### 3.3 Normering av ord med kort vokal: bag(g), gag(g), handicap(p), hit(t), hot(t), jet(t), kred(d), lab(b), peg(g), pop(p), skip(p), tab(b) og tub(b)

#### Gjeldende normering:

Bokmål: en bag – bagen – bager – bagene  
en bagg – baggen – bagger – baggene  
Nynorsk: ein bag – bagen – bagar – bagane  
ein bagg – baggen – baggar – baggane

#### Språkrådets framlegg:

Bokmål: en bag – baggen – bagger – baggene  
en bagg – baggen – bagger – baggene  
Nynorsk: ein bag – baggen – baggar – baggane  
ein bagg – baggen – baggar – baggane

#### Tansas forslag (endringer kursivert):

Bokmål: en bag – *bagen/baggen* – *bager/bagger* – *bagene/baggene*  
en bagg – baggen – bagger – baggene  
Nynorsk: ein bag – *bagen/baggen* – *bagar/baggar* – *bagane/baggane*  
ein bagg – baggen – baggar – baggane

Vårt forslag begrunnes med henvisning til bruksprinsippet i Språkrådets egne retningslinjer for normering. Det er ingen tvil om at bruken av enkeltkonsonant i bøyde former av i hvert fall noen av disse ordene står sterkt. Søk i mediearkivet Atekst for siste 3 år viser høy overvekt i bruken av enkeltkonsonant i bøyde former av eksempelordet *bag* når det gjelder bokmål. Faktisk forekommer skrivemåten *bagen* i 7 ganger så mange artikler i arkivet som *baggen*. Da virker det ikke hensiktsmessig å fjerne denne skrivemåten av rene systemhensyn hvis bruksprinsippet fortsatt skal være gjeldende.

Ett av argumentene for Språkrådets vurdering er at enkelte andre ord av lignende slag som *hub/hubb*, *spot/spott* mfl. allerede er normert på tilsvarende måte. Det er en tvilsom begrunnelse. Disse ordene ble normert relativt nylig, noe som ikke bør gi grunnlag for å danne mønster for andre ord som har vært i bruk i lang tid med en annen normering og etablert skrivemåte, slik som *bag*. Her er det også grunn til å påpeke at en form som *huben* lever i beste velgående og ser ut til å være minst like mye brukt som varianten med dobbeltkonsonant.

Dersom formene med dobbeltkonsonant vinner fram over tid og blir dominerende i bruk, kan en derimot senere vurdere slik normering som Språkrådet ønsker.

Vennlig hilsen  
Tansa Systems AS

Viggo Kristensen  
redaktør



SPRÅKRÅDET  
Postboks 1573 Vika  
0118 OSLO

Dato: 06.02.2026  
Dok.nr: 26/04226-2  
Deres ref:  
Saksbehandler: Odd Gaare

## Svar på høyring, rettskrivingsendringar 2026

Språkrådets referanse: 26/04226-1 – Høyringsnotat om rettskrivingsendringar 2026

Framlegg om rettskrivingsendringar i nynorsk og bokmål 2026

Troms fylkeskommune viser til høyringsnotat frå Språkrådet med framlegg til endringar i rettskrivingsnormene for nynorsk og bokmål. Troms fylkeskommune har ingen merknader til dei framlagde endringane, og sluttar seg til Språkrådet sine vurderingar i saka.

Med hilsen

Hilde Åse Fuhr  
Avdelingsleder

Odd Gaare  
Spesialrådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur*

Til Språkrådet

### **Høyringsfråsegn til «Framlegg om rettskrivingsendringar i nynorsk og bokmål 2026»**

Fagmiljøa i nordisk språkvitskap ved UiB følgjer normeringsarbeidet i Språkrådet med interesse og konstaterer at dei aller fleste justeringar og endringar i framlegget er fornuftige og i samsvar med retningslinjer og mandat.

**3.1–3.2:** Ingen merknader.

**3.3:** Ord av typen *bag(g)* er eit openbert normeringsproblem. Framlegget inneber ein reduksjon av talet på former der ein i strid med ortografien elles skriv enkel konsonant etter kort vokal i trykkstaving (*bagen* > *baggen*). Såleis inneber det ei legitim og forsiktig norvagisering.

Rettskriving med veksling mellom enkelt konsonant i utlyd og dobbel konsonant framfor vokal (*bag*, *baggen*) er nok i samsvar med normering av liknande ord i nyare tid, men bryt med allmenn norsk ortografi. Der finst slik veksling utelukkande ved *m* (*tom*, *tomme*). Slik veksling gjeld alle konsonantar i dansk, men gjekk ut av riksmålsrettskrivinga tidleg på 1900-talet, og *ein bør vere svært varsam* med å styrkje trenden mot gjeninnføring av eit slikt ortografisk mønster for norsk.

**3.4–3.6:** Ingen merknader.

**4:** Ingen merknader.

**5:** Framlegget framstår som ei nødvendig rydding i *vann-/vass*-problematikken. Men det er påfallande at pkt. 1–7 listar opp alle aktuelle ord, mens det ikkje blir gitt noka slik liste i pkt. 8. Det er kanskje slik at ein treng ein defaultregel for ein restkategori. Men samtidig er det klart at det må finnast ein del kjende ord her som kunne ha vore lista opp. Fråværet av ei slik liste svekkjer moglegheita for høyringsinstansane til å gi faglege til- og frårådingar. Dette talar for at *framlegg 5, pkt. 1–8 bør utsettast*, og at pkt. 8 i neste omgang får ei tilsvarande ordliste som dei føregåande punkta, ev. i kombinasjon med ein defaultregel for ord som lista ikkje fangar opp.

Ingen merknader til pkt. 9 under 5.